

Sjekkliste for gjennomføring av prosjekt

Prosjekt som har motteke tilskot frå Innovasjon Norge

Oppdatert 05.02.2015



Innovasjon Norge
Sogn og Fjordane

1:2

Undervegs i prosjektet

- Kom raskt i gang og ha god framdrift i prosjektet.
- Delutbetaling skal skje i tråd med standardvilkåra for støtteordninga.
- Innovasjon Norge må varslast ved endringar i planane.

Avslutning av prosjektet

- Sikre at prosjektet blir ferdig innan fristen for sluttutbetaling.
- Tilskot kan krevjast tilbakebetalt i sin heilheit dersom prosjektet ikkje blir ferdig innan utbetalingsfristen.
- Kontakt landbruksetaten i kommunen for ferdiggodkjenning av prosjektet.

Ta straks kontakt med rekneskapsfører

- ✓ Gje rekneskapsfører ein kopi av tilsagnsbrevet, kostnadsoverslaget som ligg til grunn for løyvinga og standardvilkåra for støtteordninga.
- ✓ Opprett prosjektkonto i rekneskapet straks du har fått innvilga tilskot til prosjektet. Prosjektkonto gir god oversikt og lettar arbeidet med prosjektrekneskapet.
- ✓ Prosjektrekneskapet skal setjast opp slik at hovudpostane kan samanliknast med tilsvarande postar i kostnadsoverslaget, som ligg til grunn for løyvinga.
- ✓ Prosjektrekneskapet skal gje oversikt over betalbare kostnader og eige arbeid i prosjektet.
- ✓ Utskrift av prosjektkonto eller ei hovudbokutskrift for prosjektet, med fakturadato for dei ulike bilaga, skal leggest ved prosjektrekneskapet.
- ✓ Autorisert rekneskapsfører skal attestere på endeleg prosjektrekneskap.

Før timelister for eige arbeid

- ✓ Eige arbeid i prosjektet skal førast i ei timeliste. Bruk eit rekneark eller ei notatbok.
- ✓ Skriv på dato, arbeidsoppgåver som er gjennomført og tal timar.
- ✓ Gje rekneskapsfører ein kopi av timelistene.
- ✓ Timelistene skal sendast inn til Innovasjon Norge ved sluttutbetaling av tilskotet.

Innovasjon Norge må varslast ved endringar i planane

- ✓ Ta kontakt med Innovasjon Norge om du vel å endre planane. Innovasjon Norge skal godkjenne endringar av planane.
- ✓ Innovasjon Norge skal godkjenne ny finansieringsplan, dersom prosjektet krev meir kapital enn budsjettert.
- ✓ Støtta kan krevjast heilt eller delvis tilbakebetalt dersom støttemottakar gir uriktige opplysningar, eller støtta ikkje blir nytta i samsvar med løyvinga.
- ✓ Innovasjon Norge yter ikkje tilleggsfinansiering til meirkostnader i prosjektet.
- ✓ Dersom prosjektet krev mindre kapital enn budsjettert, kan Innovasjon Norge redusere tilskot og rentestøtte, i samsvar med prosjektrekneskapet.

Sjekkliste for gjennomføring av prosjekt

Prosjekt som har mottatte tilskot frå Innovasjon Norge

Oppdatert 05.02.2015



Innovasjon Norge
Sogn og Fjordane

2:2

Bli ferdig innan frist for sluttutbetaling

- ✓ Kontakt Innovasjon Norge i god tid dersom du ikkje klarer å fullføre prosjektet innan frist for sluttutbetaling.
- ✓ Tilskot kan krevjast tilbakebetalt i heilheilt dersom prosjektet ikkje blir ferdig innan utbetalingsfristen.
- ✓ Er prosjektet søknadspliktig i følge plan- og bygningslova §21-10? Send inn søknad om ferdigattest med nødvendig dokumentasjon til plan- og byggjesaksavdelinga i kommunen, slik at det blir utsteda ferdigattest i byggjesaka.
- ✓ Kontakt landbruksetaten i kommunen for ferdiggodkjenning av prosjektet, og sluttutbetaling.

Spørsmål? Ta gjerne kontakt med oss i Innovasjon Norge

Rune Lotsberg tlf 57 82 57 56 - Tor Holsen tlf 57 82 57 52 - Vemund Aartun tlf 57 65 19 56

Delutbetaling av tilskot, rentestøtte og lån

Send utbetalingsanmodning til landbruksetaten i kommunen

Utbetalingsanmodning skal sendast til landbruksetaten i kommunen. Landbruksetaten godkjenner delutbetalinga og sender utbetalingsanmodning til Innovasjon Norge. Det blir ikkje gjort delutbetaling av løyvingar under kr 50 000.

Fysiske investeringar

Det kan gjerast delutbetaling av tilskot og lån - når du har gjennomført minst ein tilsvarande del av prosjektet. Til dømes kan det delutbetalast 30 % av tilskotet når du har gjennomført 30 % av prosjektet. Inntil 90 % av tilskot og lån kan delutbetalast. Siste 10 % av tilskot og lån blir utbetalt når prosjektet er gjennomført. Rentestøtte blir utbetalt når prosjektet er gjennomført.

Etablerartilskot

Inntil 50 % av etablerartilskotet kan utbetalast ved oppstart. Det kan gjerast delutbetaling av tilskot - når minst ein tilsvarande del av prosjektet er utført. Inntil 75 % av tilskotet kan delutbetalast. Siste 25 % av tilskotet blir utbetalt når prosjektet er avslutta.

Sluttutbetaling av tilskot, rentestøtte og lån

Innovasjon Norge vil gjere sluttutbetaling, når ein har mottatte og godkjend dokumenta nedanfor. Send dokumenta til landbruksetaten i kommunen, som tilrår og sender dei til Innovasjon Norge.

- ✓ Sluttrapport for etablerartilskot og bedriftsutviklingstilskot
- ✓ Ferdiggodkjenning av fysiske investeringar, frå landbruksetaten
- ✓ Prosjektrekneskap, attestert av autorisert rekneskapsførar
- ✓ Timelister for eigeninnsats i prosjektet
- ✓ Utbetalingsanmodning undertekna av støttmottakar
- ✓ Stadfesting frå bank om endeleg lånebeløp til prosjektet